

Årsmøte med Vikebygd Grendeutval Torsdag 7. mars 2024

Til stede fra styret:

Gunn Vikingstad, Gunnar Birkeland, Jon Magne Svendsbøe, Espen Årvik, Mona Aksdal

Stad: Bygdahuset

Møteleder: Rune Hetland

Referent: Mona Aksdal

Gunn åpner møtet og ønsker velkommen.

Valg av møteleder og referent – Rune Hetland og Mona Aksdal

Saksliste gjennomgått og godkjent.

- Årsmelding 2023 inkl info om tildelte SØK-midler (2022)- v/Gunn
- Rekneskap 2023 – v/Jon Magne
- Innkomne forslag – v/Gunn
- Handlingsplan 2024 - 2028
- Val av nytt styre – v/Valkomitéen

Rune Hetland har ei liten orientering rundt Grendautvalet si rolle i debatten om Dommersnes/Windafjord Port.

Dette er ei vanskelig sak, og VGU prøver så godt dei kan å legge til rette for god informasjonsflyt mellom kommunen og bygda. Det er og viktig med ein arena kor det er åpent for debatt; og her er det greit at folk er uenige, alle må få ha sine synspunkt. Det viktigaste er måten debatten foregår på, at alle held ein respektfull og vennskapeleg tone til tross for uenigheter rundt denne saka. Då vil me komme godt ut av dette uansett utfall.

Det er framleis mange spørsmål til denne saka; Kva kan bygda påverke, kva myndighet har politikarane, framdriftsplan, få eit bilde av saka. Dette blir nok klarare på informasjonsmøte som skal være ganske snart.

Årsmelding lest opp og godkjent

Blei delt ut 87 000,- i tilskot fra SØK-midler til ulike tiltak.

Planta i blomsterkassane langs vegen på våren – finansiert av kommunen.

Kort om status i Gode VIB-er.

Det arbeides med å få på plass ei badstu i båthavna.

Jobber med å få til busetjing av flyktningar. Har nylig vore møte i DUK, dei kommunale leilighetane ved brannstasjonen i Vikebygd skal pussast opp og gjerast klar for utleige.

Det er oppretta ein Instagram-konto for Vikebygd – #vikebygd.

- Det kom ein kommentar til finansiering av standleie på Boligmessa på Veia ifm Gode VIB-ar. Dette blei dekkja av Dommersnes as/Windafjord Port. Det blei stilt usikkerhet rundt om dette då kan oppfattast som at Grendeutvalet lener seg en vei. Svar på kommentaren er at det er viktig at VGU opprettholder sin integritet som nøytrale uansett. Man skal selge inn bygda som en flott plass å bu, ikkje Windafjord Port sine interesser.

Gjennomgang av årsrekningsrapport 2023 - godkjent.

Forslag til saker:

Ingen innkomne saker.

Badstu

Gunn informerer om badstu: dette er på gong i båthavna. Finansieres av Kjetil Vikingstad. Tegnes av Arne Tveit, som og har tegna stupetårnet. Planen er at den skal stå utanfor ytterste molo i båthavna, badstua vil stå på fast grunn i nærleiken av stupetårnet.

Joker-butikken vil ha driftansvaret for denne, den daglige drifta. Bookingsystem og lignande. Badstua skal være for alle som bur i bygda. Vil og fungere som trekkplaster på folk utanfor bygda, at folk vil komme på besøk her, og vidare kan snakke varmt om bygda til andre.

Kva andre opplevningar kan me skape for folk som vil komme til bygda? Her har me mye å gå på.

Vegen

Spørsmål om vegen – Kantforsterke fra Isvik, ein møteplass nord for Svendsbøbrua. Fikse rekkverket på brua. Vikevegen er høgast prioritert i Vindafjord.

Ønske om at VGU skal ta tak i dette. Utvidelse av Svendsbøbrua. Kommenter om at dette vil bli veldig kostbart, og at man kan få mykje vei for samme pengane.

Nokre meiner vegen per no er farligere enn den har vore tidligare, på grunn av dårleg dekke, brå innsnevringar og manglande kantstriper. Spesielt utfordrande for tungtrafikk mtp bredden. Problem at vegen er utvida fleire plasser, for så å bli innsnevra igjen, dette kan skape farlige situasjonar i trafikken. Møteplassane held ikkje dagens krav. Her har me fått mange lovnader, men ikkje sett resultatene som er lova.

Hol i vegen er farlig, risiko for å skade bil. Dårlig merking, det mangler kantmerking. Dårlig dekke. Oppfordring vil VGU om å arbeide med å få ferdig dekket på vegen, få asfaltert og laga kvite

kantstriper, og fullført arbeidet som allereie er starta. Asfaltere og merke vegen i år, dette bør ein få gjennom.

Ønske om å få tilgang til planane som er på vegen, at VGU kan finne fram til dei og legge desse lett tilgjengelig. Få dei aktuelle til bygda, ha eit møte, utfordra dei på dette.

Konklusjon: Ønske om at VGU lager eit utvalg som kan arbeide med dette, folk som brenner for saka og kan bidra. Få tak i rette folk, finne ut kva planane er, ha ein dialog om prioriteringar, der sikkerhet må være nummer ein. Kommunen har eit ansvar her, og må utfordrast til å ta dette ansvaret.

Utvalg: Ståle Jordal, Magne Vik, Frantz Lea i utvalg for å jobbe med denne saka. Vedtatt.

Ny bane på bryggebakken

Fleirbruksbane på bryggebakken. Tennis, og etter kvart padel. Denne er finansiert, og arbeidet startar så snart som mulig. Ingrid Espeland og Stine Lise er drivkrafta bak dette prosjektet.

Gapahuk

Elisabeth Julsrud har fått tak i pynt fra vikingskipet i Bergen, stokkar med utskjæringar, kan dette brukast til noko i bygda?

Ho foreslår sjølv at det kan lagas ein gapahuk på platå ved vannverket. Her kan det lagas til bålplass, som kan brukast på tur, eller ved aking på vintestid.

Guida turar

Rune hetland foreslår å invitere til guida turar i bygda, vise fram bygda og turløyper.

Meir attraktive tomter

Gjere tomtene meir attraktive, tilby noe i tillegg? Båtplass? Prisane må ned.

Spele inn til kommunen om dispensasjon til å opprette nye tomtefelt på områder med meir utsikt. Ønske til VGU.

Lys til Alnavegen

Ønsker lys opp til Alna, til dei som går kveldsturar her. Ønske at VGU kan ta tak i dette.

Handlingsplan for 2024-2028 – vedtatt.

Tilført: Arbeide for bedre og tryggare veg til bygda.

Gjennomgang av forslag til nytt styre. Godkjent.

Leiar: Gunn Vikingstad (2 år) 2020

Styremedlem: Gunnar Birkeland (2 år) 2020

Styremedlem: Espen Årvik (1 år) * 2019

Styremedlem: Camilla Bjørnevik (2 år) 2024

Styremedlem: Mona Aksdal (1 år) * 2023

Vara: Else Karrin Dommersnes (1 år) * 2024

Valkomit :

Vilde Tindeland (2 år) 2024

Aleksander V lsted (1 år) * 2023

Jon Magne Svendsb e (2 år) 2024

Revisorar:

Kjell Atle Barane (2 år)

Johan Owe (1 år) * * p  val i 2025

Takk til Jon Magne for den gode jobben han har gjort i styret!

Takk for oppm tet!